

<b>Handlingsplan etter internrevisjon av internkontroll i helseføretaka mai 2019</b>					
<b>Internrevisjonen si tilråding:</b>	<b>AD si vurdering</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Tidsfrist</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Status</b>
«Leiinga sin gjennomgang» bør bli fast praksis i alle helseføretak, også i Helse Vest RHF.	Leiinga sin gjennomgang vert gjennomført årleg i Helse Førde. No når gjennomgangen er etablert, vil det bli lagt større vekt på å ta læringa ut i organisasjonen. Vidare vil gjennomgangen bli vurdert årleg i høve tema, omfang m.m., og justeringar skal skje etter behov.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablere rutine med å distribuere leiinga sin gjennomgang, med handlingsplan, til alle leiarar i føretaket.</li> <li>- Distribuere viktigaste funn gjennom saker på intranett og i relevante fora</li> <li>- Årleg evaluere tema, omfang og nytte, samt justere etter behov.</li> </ul>	April 2020	Føretakssekretariatet	
Resultata frå risikovurderingane bør bli samla hjå føretaka slik at ein får eit totalbilette av risiko innan dei einskilde føretak. I totalbiletet bør oppfølginga av risiko gå fram.	Tilrådinga til internrevisjonen er i samsvar med Helse Førde sine vurderingar og innspel. Det skal gjennomførast eit arbeid i heile Helse Vest for å få på plass eit slikt system.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Følgje opp det regionale arbeidet med å få på plass eit system for risikovurderingar, som også kan gje eit totalbilette for risiko.</li> </ul>	Kontinuerleg	AD/ føretakssekretariatet	
Det bør bli etablert prosessar som syter for at analyser av hendingar og forbetringstiltak kan bli delt på tvers av føretaka i Helse Vest.	Dette er eit viktig punkt med omsyn til pasienttryggleik, men har også vist seg krevjande å få til. Helse Førde bør saman med dei andre føretaka i Helse Vest arbeide for å utvikle slike prosessar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeide med å etablere og vidareutvikle systemet for deling, både internt i foretaket og saman med dei andre foretaka i regionen</li> </ul>	Kontinuerleg	AD/FAU/ fagdirektør	